

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

Kommunplanens arealdel - Innkomne merknader til planprogram ved høring 23.03.20-04.05.20**Acos 20/958**

I høringsperioden er det kome inn totalt 5 innspel. Innhald og administrasjonen si vurdering av alle innspel er som følgjer:

Jp	Dato	Innspel frå	Innhald i merknad	Vurdering
5	15.04.20	Statens vegvesen	<p>Statens vegvesen eig, forvaltar og har ansvar for drift og vedlikehald for riksveg 5 og riksveg 15 som begge ligg i Kinn kommune. I tillegg til å redusere framkomst på vegnettet, er kryss og avkøyrslar langs veg ein risiko i høve trafikktryggleik. Vi ønskjer difor at talet på kryss og avkøyrslar frå riksvegane vert halde til eit minimum. Rv. 5 og rv. 15 er viktige transportårer og vi har difor ei restriktiv haldning i høve nye tilknytningar til desse vegane.</p> <p>Dersom arealdelen legg opp til etablering av nye byggeområder, eventuelt opning for bygging i LNF-områder, med tilkomst frå rv. 5 og rv. 15 vil vi oppmoda kommunen om å ta inn føresegner som sikrar at eksisterande tilkomst frå riksvegane vert nytta til nye byggeområder. Eventuelt nye eller utvida bruk av eksisterande kryss og avkøyrslar til rv. 5 og rv. 15 må difor vere gjenstand for utgreiing i arealdelens ROS og KU.</p> <p>Krav i handbøker til utforming av kryss og avkøyrslar, samt eventuelle tiltak på riksvegane, må sikrast gjennom seinare detaljreguleringsplanar. I høve vårt sektoransvar for framkomst og trafikktryggleik oppmodar vi om at alle nye tilkoplingar til andre offentlege vegar vert gjenstand for ROS og KU, spesielt gjeld dette vegar som også er skuleveg, men også med omsyn til generell trafikktryggleik. Vi viser elles til 2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest og Rammeplan Haldningsklassar. Elles synast framlegg til planprogram å vere tydeleg med tema og krav til KU og ROS innanfor desse.</p> <p>Statens vegvesen oppmodar kommunen om å ha eit særskilt fokus på å:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på rv. 5 og rv. 15 sine funksjonar som viktige ferdselsårer - ha fokus på statlege og regionale planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging - ha fokus på klimavenlege løysingar som gjer det naturleg å velje vekke bilen og erstatte denne med gåing, sykling eller kollektiv. I dette ligg også trafikktrygg tilkomst mellom bustadområde og haldeplassar for kollektiv. - ta omsyn til at bygging i LNF-områder spreidd er godt utgreia i høve konsekvensar knytt til: 1. trygg skuleveg, t.d. tilhøva frå heim til stoppestad for skuleskyss m.m., 2.moglegheit for å nytte kollektivtransport, 3. konsekvensar dette medfører for utslepp av klimagassar då 	<p>Dei har ingen merknader til planprogrammet. Innspelet fokuserer på faglege råd til sjølve planen.</p>

Vedlegg 1: Innkommne merknader ved offentleg høyring

			<p>spreidd busetnad truleg medfører auka behov for å bruke privat køyretøy (opplistinga er ikkje utfyllande).</p> <p>-ta vare på omsynet til universell utforming i samband med tilkomst til offentlege bygg og tilbod i sentrumsområda i Florø og Måløy.</p> <p>-følge opp Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedteken i fylkestinget april 2018.</p> <p>-vere tydeleg i høve å definere kva som er sentrumsområde i Kinn kommune. Viser her til regional planføresegn sitt føremål som er «... å styrke eksisterande by- og tettstader, gje samfunnsøkonomisk effektiv arealbruk, og å legge til rette for miljø- og helsefremjande transportval. Føresegna skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by- og tettstadsentra, med god tilgjenge for gåande og syklende og med god kollektivdekking. Det langsiktige målet er å oppnå ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, avgrense klimagassutsleppa...» (jf. kap. 3 i planføresegna).</p> <p>-sikre at alle løysingar knytt til offentleg veg er i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker. Eventuelle fråvik frå desse må vere godkjende av vegeigar.</p>	
7	04.05.20	Måløy Vekst	<p>Sjølv om enkelte av våre innspel til planprogrammet er generelle og kan gjelde heile planen, så fokuserer vi i hovudsak på den delen av planen som gjeld tidlegare Vågsøy, og vår uttale må sjåast i den samanhengen.</p> <p>Ettersom arealplanen for tidlegare Vågsøy sist vart vedteke tilbake i 2002, så har mangelen på ein oppdatert overordna arealplan vore ein av dei største hindra for utvikling i Måløyområdet. Blant anna har dette ført til mange dispensasjonssaker og mangel på areal til både næringsutvikling og busetting. Måløy Vekst er svært glad for at ein no er i gang med arbeidet, og at ein har ein målsetnad om få endeleg vedtak i løpet av 2020.</p> <p>Planprogrammet legg etter vårt syn opp til ein fornuftig framdriftsplan, og i all hovudsak legg ein opp til rette prioriteringar og vurderingar i planen. Vi har likevel nokre påpeikingar som vi kjem inn på i vår uttale.</p> <p>Mangel på definerte areal til både næring og busetting i tidlegare Vågsøy er etter vårt syn den viktigaste utfordringa å løyse i arealplanen. Å gjere eit grundig arbeid på dette, og planlegge for vekst i planperioden, vil gjere det mykje enklare for både kommunen og tiltakshavarar til å handtere bygging og tiltak. Her er det viktig at ein har ein god dialog med</p>	Sentrale punkt er innarbeidd i planprogrammet.

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

næringslivet slik at ein får fram eit mest muleg reelt behov for planperioden.

Medverknad

I si saksutgreiing skriv kommunedirektøren at ein vil basere planen på innspel og innbyggjarmedverknad som vart gjennomført tilbake i 2016. I utgangspunktet kan dette være fornuftig, og med tanke på situasjonen med covid-19 som gjer det vanskeleg å blant anna gjennomføre folkemøter. Det vart gjort mykje bra i den prosessen, og mange gode innspel og vurderingar som ein kan legge til grunn i planen.

Likevel er signalet frå næringslivet i tidlegare Vågsøy at mykje har endra seg dei siste fire åra, og det er eit stort behov for at ein får høve til å komme med innspel til utarbeidinga av planen, og før den vert sendt på høring. Etter vårt syn vil det difor være avgjerande at ein legg opp til møter og innspel frå næringslivet og grunneigarar på eit tidleg tidspunkt i prosessen, slik at ein kan vurdere å justere grunnlaget frå 2016 basert på dette.

Måløy Vekst kan bidra med å koordinere slike møteplassar og samordne innspel i samarbeid med kommunen om det er ynskjeleg. Vi kan og bidra med informasjon til næringslivet om når og korleis dei kan komme med sine innspel til prosessen.

Konkrete innspel til planprogrammet

Sjøareal

Arealplanen omfattar både land- og sjøareal, men dette kjem lite fram i planprogrammet, og ein skriv lite om korleis ein skal utgreie og vurdere bruk av sjøareal. Mange verksemder er avhengig av føreseielege og framtidsretta planar på korleis sjøareal kan og skal nyttast. Dette kan blant anna gjelde både eksisterande oppdrettslokalitetar der behovet har endra seg mykje dei siste 15-20 åra, men det kan og gjelde vurdering av nye lokalitetar for å leggje til rette for vekst innan havbruk. Vi ber difor om at det vert innarbeida ein omtale av sjøareal og korleis dette skal vurderast i planprogrammet.

Definering av sentrum

For utviklinga i Måløy er det heilt avgjerande at ein definerer Måløy, Raudeberg og Deknepollen som eit felles sentrumsområde. Utvikling av handel, service, næring og bustad må sjåast i ein samla heilskap for dette området. Det er svært viktig at ein utgreier

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>dette grundig, og grunngeiv defineringa av sentrumsområdet godt i arealplanen.</p> <p><i>Mål om tilgjengelege bustadtomter i alle krinsar</i> Det kan være mange grunnar til at nokon vel å busette seg ein stad, og dette kan blant anna være tilknytning til ein bestemt stad eller eit område i kommunen. Difor er det og viktig at kommunen har eit mål om at det skal være tilgjengelege tomter i alle krinsar, enten i allereie eksisterande bustadfelt eller i tilknytning til etablerte bustadområder. Her må ein blant anna sjå på endring av områder frå LNF til LNF Spreidd bygging.</p> <p><i>Utvikling av smarte samfunn</i> Vi er godt nøgd med at Kinn kommune vektlegg utvikling av smarte samfunn som eit tema i dei overordna føringane for arealplanlegginga. Måløy Vekst har i samarbeid med Kinn kommune, Nordfjord Havn, og fleire verksemder i Måløy, starta prosjektet «SmartBy Måløy». Eit av områda i prosjektet er smart arealplanlegging, der vi ser på korleis digitale verkøy og innovative løysingar kan bidra til ein meir framtidretta og berekraftig arealdisponering. Vi håper at kommunen vil involvere dette prosjektet i utarbeidinga av arealplanen, då vi meiner at prosjektet kan ha store positive verknader for samfunnsutviklinga i Måløy.</p> <p><i>Framtidretta mobilitetsløysingar</i> Det er viktig at ein i arealplanen gjer ei grundig vurdering av framtidretta og berekraftige mobilitetsløysingar og korleis ein skal leggje til rette for dette i arealplanen. Dette kan blant anna være tilrettelegging av sykkelfelt, plassering av ladeinfrastruktur, tilstrekkeleg areal til universelt utforma fortau og gangveggar, haldeplassar for kollektivtransport og køyremønster for å redusere utslepp og behov for privatbil.</p> <p><i>Parkering</i> Måløy sentrum har ein svært utfordrande parkeringssituasjon, og dette er spesielt utfordrande for handel- og servicenæringane som opplever at dei får ein konkurranseulempe grunna parkeringsavgift og mangel på parkeringsplassar. Ein må både i denne planen, og i andre vurderingar i kommunen, sjå på korleis parkeringssituasjonen og konkurranseulempene med parkeringsavgift kan forbetrast.</p> <p>Avslutning</p>	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			<p>Måløy Vekst er svært nøgd med at ein no er i gang med å få på plass ein svært etterlengta overordna arealplan, men er og utolmodige på næringslivet sine vegne til å få planen på plass i løpet av 2020.</p> <p>Vi ynskjer å bidra positivt til planen, og ser fram til eit tett og godt samarbeid med kommunen for å få ein best muleg plan.</p>	
10	11.05.20	Fiskeridirektoratet	<p>Fiskeridirektoratet region Vest stiller seg positiv til planprogrammet. Det kjem tydeleg fram kva som er føremålet med revisjon av arealplanen, korleis planprosessen skal gjennomførast og opplegg for medverknad. Føremålet med revisjonen er også godt i samsvar hovudsatsingsområda som er vedtekne i kommuneplanens samfunnsdel. Tema som skal fokuserast på er lista opp på ein oversiktleg måte i programmet. Fiskeri- og akvakulturinteressene dekkes i temalista. Strandson vurdering er også med på temalista saman med andre tema som er relevant for arealbruk i sjøområda.</p> <p>Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga Fiskeristyresmaktene er ansvarlege for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og tilsyn med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg, i dette tilfelle kommunen, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, medan Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.</p> <p>Fiske som føremål i arealplan</p> <p>Alt fiske i sjøen vert regulert under Havressurslova med unntak av fiske etter villaks som vert regulert under Lakselova.</p> <p>I planlegging etter Plan- og bygningslova er det § 11-7 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandson som nyttast for å fastsetje arealbruk for fiske i sjøområda. "Fiske" er definert blant underføremåla i § 11-7 nr. 6 og kan enten nyttast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre arealbruksføremåla som er definert under § 11-7 nr. 6. Vi gjer merksam på at "fiske", ikkje kan deles vidare inn i underkategoriar som t.d "garnfelt", "linefelt" "låssettingsplass", men skal synast som føremål "fiske"</p>	<p>Dei har ingen merknader til planprogrammet. Innspelet fokuserer på faglege råd til sjølve planen.</p>

Vedlegg 1: Innkommne merknader ved offentleg høyring

		<p>på plankartet, enten som ein-kategori område, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre underføremåla i § 11-7 nr. 6.</p> <p>Med heimel i § 11-11 Bestemmelser til arealformål etter § 11-7 nr. 5 og 6 er det høve til å lage ei eiga forskrift til bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn der fiske likevel kan definerast nærare dersom det er trong for det.</p> <p>På generelt grunnlag ber vi kommunen om å leggje til rette for at fiske kan gå føre seg utan at anna arealbruk kjem til hinder for dette. Fiske kan i mange høve kombinerast med annan type arealbruk, men i enkelte sjøområde kan faste installasjonar som t.d. flytebyggjer, akvakulturanlegg og fortøyingssystem vere til hinder for fiskeri. Konfliktpotensial med anna arealbruk må derfor vurderast på bakgrunn av kva type fiske som går føre seg i området. Primært ber vi om at sjøområde som er viktige for fiskeri, og der anna arealbruk vil vere til hinder for reiskapsbruk, vert satt av med ein-kategori føremål "fiske". Typiske eksempel på slike område er viktige låssettingsplassar og sjøområde med stor verdi tilknyta fiske med aktive fiskereiskap som trål og snurrevad. Viktige område for fiskeri definerer vi som fangst- og oppbevaringsområde som vert rekna å ha stor bruksverdi for fiskeflåten utover dei som er heimehøyrande i kommunen. I sjøområda kor anna arealbruk i hovudsak ikkje kjem til hinder for fiske, kan fiske kombinerast med ein eller fleir av dei andre arealføremåla som er definert under § 11-7 nr. 6.</p> <p>Akvakultur som føremål i arealplan</p> <p>Akvakulturverksemd vert regulert under Akvakulturlova og eit av vilkåra som må være oppfylte ved tildeling av løyve til akvakultur, er at tiltaket ikkje er i strid med vedteke arealplanar eller vernetiltak. I Plan- og bygningslova er akvakultur definert blant føremåla under § 11-7 nr. 6 "Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone". Akvakultur nyttast som føremål i arealplanen innafor område kor kommunen kan tillate etablering av akvakultur. Akvakultur kan enten nyttast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre føremåla som er definert under § 11-7 nr. 6. § 11-11 nr. 3 gjev heimel for å lage føresegner til korleis akvakultur kan etablerast på overflata, i vassøyla og på botnen, og vidare har kommunen høve til å lage føresegner om kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskildvis eller i kombinasjon kan etablerast jf § 11-11 nr. 7.</p>	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

Tildelingsmynde for akvakultur er frå 1.1.2010 lagt til fylkeskommunane og tilsvarande er retten til å fremme motsegn til arealplanar på vegne av akvakulturinteressene overført til fylkeskommunane frå same dato. Overføringa av forvaltningsoppgåver til fylkeskommunane fratår likevel ikkje Fiskeridirektoratet sitt ansvar for å ivareta akvakulturnæringens interesser i samband med kommunen sin arealplanlegging. Fiskeridirektoratet er sektormynde som skal ta vare på nasjonale akvakulturinteresser og vi vil framleis kome med innspel til kommunen sin arealplan.

Arealbruk på overflate, vassøyle og på botn

Anlegg i overflata med fortøyingsystem gjennom vassøyla til festepunkt på botnen vert å rekne som akvakultur og skal derfor medrekast i arealplanen. Lengda på fortøyingsystem vil avhenge av djupnetilhøve og topografi på botnen. Det er fleire eksempel på fortøyingsystem som strekk seg fleire kilometer frå anlegget i overflata, men som generell regel kan ein rekne at lengda på fortøyingssystema minimum vert 2 ½ gonger djupna under anlegget. Konfliktpotensial med anna arealbruk vil variere frå overflata gjennom vassøyla og ned til forankring på botnen.

For fiskarane er det sjeldan sjølv anlegget i overflata som skapar problem for deira verksemd, men fortøyingsystema og ankerfesta på sjøbotnen. Fortøyingar og ankerfeste kan skapa hefte for fiskereiskap, særleg botnreiskap, og slike installasjonar kan såleis representere konfliktpotensial med utøving av fiske.

Etter ny Plan- og bygningslov med heimel i § 11-11 nr. 3, kan kommunen fastsetje reglar for differensiert arealbruk mellom overflate, vassøyle og botnen. Vi ser også § 11-11 nr. 3 som høveleg å nytte i samband med planlegging for akvakultur utan anlegg i overflata, som t.d. botnkultur. Generelt ber vi kommunen om å sette av tilstrekkelege areal som sikrar vidare drift ved anlegg som er etablert i sjømråda. Det er viktig å avklare den totale arealbruken og kva behov det er for å sette av areal på overflata, gjennom vassøyla og på botnen. Arealbruk for akvakultur skal ikkje kome til hinder for viktige fiskeriinteresser. Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelser, vil spele stor rolle når det gjeld næringa si trong til areal. Eit døme på dette er overgangen frå kompakte stålanlegg til plastringanlegg som generelt krev meir plass i overflata. Primært ber vi kommunen om å vurdere arealbruken i sjømråda der

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

næringa har fremma søknad om dispensasjon frå arealbruk etter gjeldande kommuneplan.

Omsynet til dei marine ressursområde og arealbruk i planen

Dei naturgjevne tilhøva og marine ressursane langs kysten av Norge gjev oss eit unikt fortrinn for produksjon av sjømat. Både fiskeri- og havbruksnæringa er avhengig av dei marine ressursane og at dei vert forvalta på ein måte som gjev grunnlag for å oppretthalde og auke produksjonen. Marint biologisk mangfald - data er tilgjengeleg i Naturbase under Miljødirektoratet, og gjennom kartverktøyet på Fiskeridirektoratet si heimeside.

Marine naturtypar og nøkkelområde vert delt inn i følgjande verdiklassar:

A: Svært viktig/nasjonalt viktig

B: Viktig/regionalt viktig

C: Lokalt viktig

Gyte- og oppvekstområde for kysttorsk

Fiskeridirektoratet driv kartlegging av gyte- og oppvekstområde for fisk basert på intervju med lokalkjende kystfiskarar. Som del av kartlegging av marint biologisk mangfald, nyttar Havforskningsinstituttet Fiskeridirektoratet sine data som grunnlag for verifisering av gyteområde for kysttorsk. Kysttorsken er viktig for økosystema langs kysten, og er samstundes grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgang i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen er framleis bekymringsfull, ifølgje havforskarane. Data om registrerte gyteområde og områda som til no er verifisert av Havforskningsinstituttet, finn i kartløysinga til Fiskeridirektoratet.

Ålegras

Ålegras er botnhabitat og har stor verdi som leve- og beiteområde for ei rekkje artar, og er t.d. oppvekstområde for kysttorsk. Ålegraset er blant dei utvalde naturtypane i nasjonal kartlegging av biologisk mangfald, og er eit av dei biologiske kvalitetselementa i Vassforskrifta. Samstundes er ålegras ein trua naturtype idet utbygging og tiltak i kystsona ofte kjem i konflikt med ålegrasområda. Generelt ber vi om at arealbruken innafor alle område kor det er registrert marine naturtypar, vert vurdert. Fortrinnsvis bør alle gyteområde, ålegrasenger og område kor det er registrert levande marine ressursar som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A- og B-områda), sikrast mot tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade. Til hovudføremålet "Bruk og

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			<p>vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone”, kan ”fiske” eller ”naturområde” nyttast som underkategori. Alle gyteområde for kysttorsk som er registrert av Fiskeridirektoratet skal primært takast inn med ein-kategori underføremål ”fiske”. I område kor det er registrert viktige naturtypar er det høve til å legge inn omsynssone etter § 11-8 bokstav c) sone med særlig hensyn til bevaring av naturmiljø, eller bokstav d) sone for båndlegging i påvente av vedtak etter annen lov, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag. Til omsynssone kan ein fastsetje kva føresegner og retningslinjer som gjeld eller skal gjelde i medhald av andre lover for å ivareta det omsynet sona viser. Retningslinjene kan ikkje gå ut over kva som er ramma for føremålet i § 11-7. Det er heller ikkje heimel til regulering av næringsverksemd, som vert regulert gjennom den einskilde sektor sitt lovverk.</p> <p>Tilhøve til regionale og interregionale arealplanar</p> <p>Dersom kommunen deltek i interkommunal arealplanlegging, eller det er utarbeida regional plan som legg føringar og retningslinjer til arealbruk, føreset vi at kommunen legg vekt på å følgje opp slike planar gjennom si eiga arealplanlegging. Regionale og interkommunale planar er viktige for å oppnå meir heilskap og balanse i arealbruk på tvers av kommunegrensar. Særleg er planar kor akvakultur, fiskeri og strandsone inngår blant hovudtema gode verkemiddel for målsettinga om å fremme lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø.</p>	
11	13.05.20	NVE	<p>Utgreiing av flaum-, erosjon- og skredfare på kommuneplannivå har som mål å avklare om det er areal med potensiell fare i område der det kan vere aktuelt med utbygging. Det må difor vurderast om det kan vere naturfare også i dei eksisterande byggeområda i gjeldande plan. Dette fordi tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde, eller fortetting. Planprogrammet bør reflektere at de skal vurdere og kartfeste potensiell naturfare for alle område der utbygging er aktuelt. Marker areal utsett for fare med omsynssoner i plankartet og styr utbygging til trygge område</p> <p>Omsynssoner er eit svært godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som det skal takast omsyn til i vidare planlegging og sakshandsaming av einskildsaker. Omsynssonene, og føresegner/retningslinjer knytt til dei, kan gå på tvers av arealbruksføremål, på tvers av eksisterande og framtidig bruk, og på tvers regulerte og ikkje regulerte areal. For</p>	NVE presiserer at også eksisterande byggeområder skal vurderast for naturfare. Dette er innarbeidd. Eller er hovedinnhaldet faglege råd om utforming av plan.

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>omsynssone - faresone (§ 11-8a/(H310, H320)) gjev pbl heimel til å gje føresegner knytt til sona som de ikkje har heimel til å gi til det einstilte arealbruksføremål på kommuneplannivå.</p> <p>NVE rår difor til at det vert innarbeidd aktsemdområde for naturfare i plankartet som omsynssoner. Vi legg særleg vekt på at dette vert gjort i eksisterande og framtidige byggeområde. Til omsynssonene må det knytast føresegner med anten byggeforbod, eller krav om nærare kartlegging av faren i alle plan og byggesaker. Vårt generelle råd er å styre ny utbygging til trygge område. NVE retningsline 2/2011 «Flaum- og skredfare i arealplanar» med vedlegg gjev nærare oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare, og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i kommuneplanens arealdel.</p> <p>Nytt best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga Det er viktig at kommunen nyttar best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga. Der det er kartlagt faresoner for skred, er utarbeidd flaumsonekart i kommunen eller der kommunen har annan konkret og etterprøvbar kunnskap om fare, så kan denne kunnskapen nyttast i staden for dei landsdekkande aktsemdområda i dei aktuelle områda.</p> <p>Korleis kartlegge potensiell naturfare -Skredfare i bratt terreng. NVE har utarbeidd ei prosedyreskildring for identifisering, vurdering og kartlegging av skredfare i bratt terreng ved utarbeiding av arealplanar. Trinn 1 i denne prosedyreskildringa kan nyttast i ROS-analysen for å identifisere potensiell skredfare. I prosedyreskildringa ligg også link til ein rapportmal (rapportmal 1) som kan nyttast til å dokumentere arbeidet. Vi syner elles til aktsemdkart for snø, steinsprang, jord- og flaumskred som er tilgjengeleg på NVE Atlas</p> <p>-Flaumfare og erosjon. Det beste generelle rådet er å halde nye bygg i god avstand frå vassdraga. Ei byggegrense på minst 20 m frå bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km² og 50 – 100 m frå elvar vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg til å unngå fare for flaum. Med unntak av område der bekkar har skore seg djupt ned i lausmassar, dvs. ravinert terreng, vil 20 m avstand frå topp elveskråning ofte vere tilstrekkeleg i høve til erosjonsfare langs bekker. Areal nærare vassdrag enn dette er å sjå på som aktsemdområde dersom ein ikkje gjer nærare vurderingar av flaum- og erosjonsfaren.</p> <p>Rettleiaren «Flaumfare i bekker» gir råd om korleis de kan identifisere og kartlegge flaumutsette område langs bekkar. Dersom det på ein enkel måte skal utførast konkrete vurderingar av maksimal vasstandsstiging i utbyggingsområde langs vassdrag, kan de nytte formelen i pkt.1 s. 13 i rettleiaren. Kunnskap om maksimal vasstandsstiging i høve til</p>	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>normalvasstand kan også nyttast for å avgrense aktsemdsoner for flaum langs den aktuelle strekninga. Estimert vasstandsstiging kan finnast ved hjelp av formelverk og den kan finnast i dette temakartet ved å klikke på den farga streken. Sjølve aktsemdkartet er utarbeidd i svært grov kartoppløysing og bør ikkje nyttast direkte i kommuneplankartet for å avgrense omsynssoner.</p> <p>-Kvikkleire. I NVE rettleiar 7/2014 går det fram ein prosedyre på s.21 som skildrar korleis kvikkleireområde kan identifiserast og avgrensast i arealplansaker. Dess lenger ut i prosedyren sine 5 første punkt ein går dess meir areal kan «friskmeldast». Areal som ikkje er friskmeldt i samsvar med prosedyren er å sjå på som aktsemdområde for områdeskred av kvikkleire. Mange kommunar avgrensar dette arbeidet til å innarbeide generelle føresegner, jf. pbl §11-9, til kommuneplanen med krav om utgreiing av fare for kvikkleireskred under marin grense.</p> <p>Ta omsyn til venta klimaendringar Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing vart vedtekne 28.09.2018. I planretningslinene heiter det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet vert budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi oppmodar kommunen om å setje seg inn i planretningslinene og nytte arealdelen aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som tek omsyn til eit klima i endring. I følge planretningslinene må det utførast ei vurdering av om omsynet til eit endra klima inneber trong for oppheving, eller revisjon av gjeldande reguleringsplanar. Det bør refererast til planretningslinene i planprogrammet. Faktaarket «Hvordan ta hensyn til klimaendringar i arealplanleggingen» gir ei kort skildring av korleis de bør innarbeide omsynet til klimaframskrivingar i arealplanane.</p> <p>Kva endringar i klima er venta Norsk klimaservicesenter har utarbeidd klimaprofil for Sogn og Fjordane fylke. Vi rår dykk til å nytte kunnskapen som klimaprofilen gir om venta klimaendringar i arbeidet med kommuneplanen. Havnivåstiging er ein alvorleg konsekvens av klimaendringane. Vi syner her til DSB sin rettleiar Havnivåstiging og stormflo.</p> <p>Utbygging kan gi problem med overvatn Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggings-område og utbygging i tettbygde strøk bør det verte vurdert kva krav til fordryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Flaum- og vassføringssituasjonen i bekkar og elver bør også vurderast. Kartlegging av flaumvegar er</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>også eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnettet, bør det vurderast konkrete krav til lokal fordryging av vatn i nye byggeområde. I kapittel 4 i planprogrammet er både blå-grøne løysingar/samband, det å unngå bekkelukking og unngå inngrep i vassdrag nemnt som tema for det komande planarbeidet. I tillegg er vist til at overvasshandsaming skal ta høgde for den framtidige auken i nedbør og at dette skal handsamast gjennom lokale løysingar, dette er også ofte forkorta til LOH (lokal overvasshandsaming).</p> <p>NVE rår dykk til å sette byggegrensar mot vassdrag Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Det bør ikkje leggst til rette for utbygging tett inn til vassdrag, og vi rår dykk til å innføre byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta vare på vassdragsmiljøet og ålmenne interesser i vassdrag, er det oftast naudsynt å sette byggegrensar i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleikssyn. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien <i>Bruk og vern av sjø og vassdrag</i>, jf. pbl § 11-7 nr.6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar.</p> <p>Gjer greie for konsekvensar for ålmenne interesser i vassdrag Dersom kommuneplanens arealdel legg opp til tiltak som inneber inngrep i vassdrag må det i konsekvensutgreiinga (KU) gjerast greie for om tiltaket påverkar ålmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gang, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskaplege interesser, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Kommunen har fleire verna vassdrag, Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag må leggst til grunn for planarbeidet. Side 4</p> <p>Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Arealbruken som arealdelen legg opp til må ikkje reduserer verneverdiar knytt til vassdrag. I konsekvensutgreiinga bør nye planlagde tiltak sin påverknad av verneverdiane i vassdraget vere eit eige vurderingstema. Eventuelle planlagde tiltak bør vurderast opp mot føringane i den differensiert forvaltningsplan.</p> <p>Korleis ta omsyn til vassdrags- og energianlegg i planen Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl, jf. § 1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar må visast i plankartet som</p>	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			<p>omsynssone bandlegging etter anna lovverk H740, jf. pbl § 11-8 d. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl. Desse kan setjast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2. NVE ber dykk kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at de kan ta omsyn til planlagde nye kraftleidningar, og oppgradering av eksisterande kraftleidningar. Reguleringsmagasin bør markerast i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket med føremål Reguleringsmagasin (pbl § 11-8 d). Anlegg for produksjon av energi bør setjast av som område for bebyggelse og anlegg. Data om vassdrags- og energianlegg er tilgjengeleg på NVE Atlas.</p> <p>Rettleiingsmateriale frå NVE</p> <p>På NVE sine sider om arealplanlegging ligg ytterlegare rettleiingsmateriale som viser korleis NVE sine tema bør arbeidast med i samband med kommuneplanarbeidet. Våre nettsider inneheld og ei nedlastingsløyising for ei lang rekke temadata. Dersom det er ønskje om ytterlegare informasjon og rettleiing oppmodar vi dykk om å ta kontakt med oss.</p>	
12	13.05.20	Fylkesmannen	<p>Den gjeldande arealdelen til kommuneplanen for tidlegare Flora kommune vart vedteken i 2017, og planen vil i hovudsak verte vidareført. Tidlegare Vågsøy kommune sin arealdel er frå 2002, og denne delen av kommunen vert derfor prioritert i arbeidet med arealdelen for Kinn kommune. Eit vedteke planprogram for arealdelen til Vågsøy kommune frå 2016 skal også brukast som grunnlag for planprosessen. Vi ser at dette vil vere ei fornuftig tilnærming til planarbeidet, men vil likevel halde fram at den nye arealdelen bør verte ein heilskapleg plan som fastset arealbruk for dei to tidlegare kommunane i samanheng.</p> <p>Planarbeidet skal byggje på samfunnsdelen til Kinn kommune, vedteken av samarbeidsutvalet til Kinn kommune i 2019. I samband med offentlig ettersyn av samfunnsdelen sende vi ei fråsegn til planen datert 27.05.2019. Vi kan ikkje sjå at innspelet vårt vart innarbeidd i planen, og vi kan heller ikkje sjå at dei konkrete forslaga til endringar er lagt til grunn for framlegget til planprogrammet til arealdelen.</p> <p>Vi la mellom anna vekt på at mange av strategiane var lite konkrete og kunne verte vanskelege å overføre til arealdelen. Ut frå dette ser vi at føresetnadene for utarbeiding av arealdelen er noko uklære. Mellom anna er det i kapittelet om arealutvikling og forvaltning fastsett at Kinn kommune skal vektlegge langsiktigheit, berekraft, tryggleik og miljø i all</p>	Fleire sentrale punkt frå innspelet er innarbeidd i planprogrammet.

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>arealplanlegging. Dette er i tråd med nasjonale føringer, men viser ikkje kva kommunen prioriterer å satse på, og kva område som vert prioriterte vekk.</p> <p><u>Medverknad</u> Planarbeidet byggjer på vedteke planprogram frå 2016 og gjeldande arealdel frå 2017, og kommunen vil på bakgrunn av dette «ikkje ta sikte på å involvere i så stor grad som sist». Sjølv om eksisterande planar og dokument kan vere eit godt grunnlag for utarbeiding av ny arealdel, vil samfunnet ha endra seg noko sidan då, og det vil vere grupper i samfunnet som bør høyrast særleg denne gongen, til dømes barn, unge og innflyttarar. Det vil såleis vere behov for å sikre brei medverknad frå innbyggjarane i Kinn kommune også i denne planprosessen. For å involvere barn og unge særskilt kan kommunen velje ut eit tema, t.d. natur og friluftsliv eller trafikk, innanfor avgrensa og relevante areal, og oppsøke barn og unge for konkrete innspel. Dette er viktig for den fysiske planlegginga, men også for barn og unge sitt eigarskap til både planprosessen og eige nærområde.</p> <p>I planprogrammet kjem det fram at «lokale media, sosiale media, informasjonsmøte og oppsøkande kontakt vil bli brukte ved behov.» Vi meiner at planprogrammet må stadfeste at desse tiltaka skal gjennomførast som ein del av minimumskrava for medverknad. Vi oppmodar også om å diskutere planarbeidet i planforum før utlegging til offentlig ettersyn, og at det vert sett av tid til å gjere endringar i planframlegget mellom planforum og offentlig ettersyn av arealdelen.</p> <p><u>Konsekvensutgreiing (KU)</u> I følgje forskrift om konsekvensutgreiingar skal arealdelen til kommuneplanen alltid greiast ut etter forskrifta, jf. § 6 bokstav a. Vi rår til å bruke rettleiaren for konsekvensutgreiing av arealdelen til kommuneplanen (2012) i utarbeidinga av KU.</p> <p>Planprogrammet kap. 5 gjev ei tydeleg oversikt over endringar i arealbruken som skal greiast ut etter forskrift om konsekvensutgreiingar. Det kjem også fram at konsekvensutgreiinga skal vise verknader for viktige miljø- og samfunnsverdiar, avbøtande tiltak og alternativvurderingar. I kap. 6 slår planprogrammet fast at eksisterande reguleringsplanar vert oppheva dersom dei ikkje er i tråd med regionale og nasjonale interesser. Vi rår til å gjere desse vurderingane som ein del av konsekvensutgreiinga.</p>	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>Planprogrammet viser oversiktleg korleis konsekvensutgreiinga skal gjennomførast i tabellen på side 7. Under kolonna for «innhald» skildrar planprogrammet kva faktorar ein skal vurdere, men vi finn også faktorar som skal ligge til grunn for vurderinga i kolonna for «utgreiingsbehov», og rår kommunen til å rydde i tabellen før vedtak av planprogrammet.</p> <p>For nokre utgreiingstema er faktorane for vurderinga detaljerte skildra, t.d. «infrastruktur og offentlege tenester». Andre faktorar er for generelle, mellom anna for temaet «areal og transport». Her bør ein vurdere både avstand og framkommelegheit for gange og sykkel til relevante funksjonar, og kollektivtilbodet i området. For fleire utgreiingstema er innhaldet for avgrensa, slik vi ser det. Når KU-en skal avdekke verknader for barn og unge er fleire faktorar enn leikeområde og skuleveg relevante.</p> <p>Under «kunnskapsgrunnlag» har kommunen lista opp kva eksisterande kunnskap som skal nyttast til kvart utgreiingstema. Behovet for ny kunnskap kjem delvis fram i kolonna for «utgreiingsbehov», og særleg under utgreiingstemaet «naturverdiar og biologisk mangfald» er planprogrammet tydeleg på at ny kunnskap må innhenta dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok. Samtidig meiner vi at hol i det eksisterande kunnskapsgrunnlaget og behovet for nye undersøkingar burde ha vore avdekkja på eit tidlegare tidspunkt og komme fram av planprogrammet.</p> <p>Planprogrammet viser ikkje korleis konsekvens skal vurderast, og vi saknar skalaar med definerte verdiar for konsekvens. I følge den statlege rettleiaren for konsekvensutgreiing for arealdel er konsekvens eit resultat av omfang av tiltaket og verdi av arealet, og dette kjem heller ikkje fram. Vi kan heller ikkje sjå at det er lagt opp til å gjere samla vurderingar som del av konsekvensutgreiinga. Først skal konsekvensane av alle utbyggingsområda innanfor eit arealføremål vurderast samla, t.d. alle bustadområda i kommunen. Desse skal altså vurderast etter kvart utgreiingstema, slik at det kjem fram kva konsekvensar bustadområda får for naturmangfald, forureining, barn og unge osv. Den andre typen samla vurdering gjeld for alle arealføremåla samla, altså korleis all arealbruk i arealdelen ilag verkar inn på dei ulike utgreiingstema.</p> <p><u>ROS-analyse</u></p> <p>Fylkesmannen ser generelt eit behov for større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>kommunane sine planprosessar etter plan- og bygningslova. Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.</p> <p>TEK17 med tilhøyrande rettleiing definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred i §§ 7-2 og 7-3. For andre typar risiko må kommunen sjølv gjere greie for kva ein reknar som akseptabel risiko. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko- og/eller sårbarheitsreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p> <p><i>Merknader til planprogrammet</i></p> <p>Samfunnsdelen til kommuneplanen for Kinn kommune omtalar samfunnstryggleik, men vi meiner at skildringane av utviklingstrekk, langsiktige utfordringar, strategiske val og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet ikkje er konkrete nok. Dette får no konsekvensar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse i arealdelen til kommuneplanen. Kinn kommune burde som eit minimum følgje opp forventningane i Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» i arbeidet med kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel. Når det ikkje er gjort, så må desse forventningane svarast ut parallelt med arbeidet med arealdelen.</p> <p>Kommunen skriv elles at ein vil ta utgangspunkt i rettleiaren Samfunnssikkerheit i arealplanlegging frå DSB og sjekklister frå prosjektet GIS i samfunnssikkerheit og arealplanlegging. Når det gjeld førstnemnde, så vil vi understreke at det er viktig å nytte siste utgåve (frå 2017) sidan det ikkje går fram av teksten. Vidare vil vi òg påpeike at rettleiaren som vart utarbeidd på grunnlag av SiGve-prosjektet «GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging – Vestlands-prosjektet» begynnar å bli gamal. Sjølv om det framleis er relevant informasjon å hente i denne rettleiaren, så har det kome både nye forventningar og mykje ny og oppdatert kunnskap sidan den gong, og som det må takast høgde for i arbeidet med ROS-analysen til kommuneplanens arealdel.</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p><i>Merknader til vedlegget til planprogrammet</i></p> <p>I oppstillinga under pkt. «1.1.2 Andre lover, forskrifter og retningslinjer» manglar fleire sentrale tilvisingar, m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forskrift av 19. juni 2017 nr. 840 om tekniske krav til byggverk (TEK17) med tilhøyrande rettleiing • Kgl. res. Av 14. mai 2019 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 • Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» • Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskaps rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» • Ymse fag/temarettleiingar frå DIBK, DSB og NVE <p>Kommunen bør i tillegg òg vurdere å ha tilvisingar til eigne sentrale dokument som t.d. samfunnsdelen til kommuneplanen og kommunen si heilskaplege ROS-analyse, jf. kapittel V i «lov om kommunale beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret» med tilhøyrande «forskrift om kommunal beredskapsplikt». Vi viser særleg til forventningane i § 3 i sistnemnde forskrift:</p> <p style="padding-left: 40px;"><i>§ 3. Helhetlig og systematisk samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeid</i></p> <p style="padding-left: 80px;"><i>På bakgrunn av den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal kommunen:</i></p> <p style="padding-left: 120px;">a) <i>utarbeide langsiktige mål, strategier, prioriteringer og plan for oppfølging av samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet.</i></p> <p style="padding-left: 120px;">b) <i>vurdere forhold som bør integreres i planer og prosesser etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).</i></p> <p>Vi legg elles til grunn at kommunen i arbeidet med ROS-analysen stiller tydelege kvalitetskrav, og at ein innleiingsvis har ei god skildring av metodisk tilnærming og grunngjeving for kva ein definerer som akseptabel risiko. Nokre sentrale stikkord for kva som av erfaring er lett å gløyme i arbeidet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sårbare objekt/funksjonar 	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

- Risiko og sårbarheit til/frå omkringliggjande område
- Samlokaliseringsproblematikk

Etter å ha lest omtalen av samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse i framlegget til planprogram, er Fylkesmannen uroleg for at kommunen kanskje tek for lett på dette temaet i planarbeidet. Vi viser avslutningsvis m.a. til [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) og [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»](#) for nærare rettleiing og informasjon om kva forventningar som ligg føre frå sentralt hald.

Arealstrategi

Kommunen legg punkta i kap. 4 i planprogrammet, henta frå samfunnsdelen, til grunn for den strategiske arealdisponeringa i arealdelen til kommuneplanen. I fråsegna vår til samfunnsdelen til kommuneplanen rådde vi til å sette opp eit arealrekneskap med oversikt over behov for ulike arealføremål, men dette vart ikkje følgt opp. Vi rår til å ha ei overordna oversikt over dagens arealbruk og framtidige behov som grunnlag for det vidare arbeidet med arealdelen. Kommunen bør analysere kvar det er behov for meir utbyggingsareal for til dømes bustader og næring, på bakgrunn av prognosar for samfunnsutviklinga og eksisterande byggeområde og regulert, men ubyggd utbyggingsareal.

Klima

Dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing slår fast at kommunane gjennom planlegging skal bidra til at klimagassutslepp vert reduserte og at samfunnet vert tilpassa klimaendringane.

Kap. 4 i planprogrammet gjev mellom anna føringar om samlokalisering av offentlege og daglege funksjonar og effektive transportsystem. Planprogrammet peikar såleis mot eit meir berekraftig samfunn, og slik vi ser det byggjer planprogrammet oppunder dei nasjonale føringane om samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Vi saknar likevel ei drøfting av arealbruken i delar av kommunen utanfor sentrumsområda, og korleis ev. utbygging i slike område påverkar kommunen sitt mål om reduserte klimagassutslepp. For å avdekke auka klimagassutslepp som følgje av ny arealbruk bør dette vere eit utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Vi rår vidare til å utforme føresegner om berekraftig energibruk og materialbruk.

Kommunen har utforma ein strategi om å unngå bekkelukking og inngrep i vassdrag, og

Vedlegg 1: Inkomne merknader ved offentlig høring

		<p>slår fast at overvasshandtering skal ta høgde for auka nedbør og skal løysast lokalt. Dette er gode klimatilpassingstiltak som vi støttar opp om, og vi rår til å legge føringar om å gjere overvasshandtering til ein del av den blågrøne strukturen i byggjeområde. Vi minner om at arealdelen til kommuneplanen også må ta omsyn til havnivåstiging og auka naturfare som følgje av auka nedbør og ekstremvær.</p> <p><u>Folkehelse</u> Planarbeidet i nye Kinn kommune skal bygge på ein samla folkehelseoversikt som inkluderer tidlegare Flora og Vågsøy kommunar. Oversikta skal ligge til grunn for ei langsiktig og systematisk samfunnsutvikling. Det tverrsektorielle arbeidet med folkehelseoversikta må vere forankra i både administrativ og politisk leiing, og ein må bruke oversikta som grunnlag for prioriteringar i planarbeid og tiltak (Plan og bygningslova § 10-1 og folkehelselova § 6). Eit nyttig verktøy for det systematiske folkehelsearbeidet er Helsedirektoratet sin rettleiar.</p> <p>Vi kan ikkje sjå at vedlegget med nasjonale føringar inkluderer verken folkehelselova eller den tilhøyrande forskrifta om folkehelseoversikt. Vi ser heller ikkje at det er utarbeidd ei folkehelseoversikt for den nye kommunen. Dette ville ha vore eit svært viktig grunnlag for å legge til rette for ein arealbruk i kommunen som fremjar god folkehelse og motverkar sosiale helseforskjellar. Vi ser likevel at fleire av satsingsområda også vil bidra til god stadutvikling og fremje god folkehelse, mellom anna at kommunen skal utvikle gode møteplassar og sikre område for leik og grøntstruktur ved fortetting. Vi rår til at også til at utforminga av sentrumsområda i kommunen legg opp til bruk og opphald for alle.</p> <p>Folkehelse er ikkje sett opp som eige utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Vi rår til å legge til dette temaet for å ha moglegheit til å vurdere om forslaga til arealbruk følgjer opp dei nasjonale lovkrava om utjamning av sosiale helseforskjellar. Temaet kan til dømes delast opp i undertema om sosial bustadplanlegging, nærmiljø, universell utforming og aldersvenlege samfunn.</p> <p>I samfunnsdelen punkt 1, 2 og 3 under «tenesteyting» er det lagt føringar om ein fysisk infrastruktur i kommunen som på mange område fremjar god folkehelse. Dette er svært bra, og bør følgjast opp med konkrete arealføremål og føresegner i arealdelen til</p>	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>kommuneplanen.</p> <p><u>Barn og unge</u></p> <p>Det som skal undersøkast under utgreiingstemaet Barn og unge er i planprogrammet avgrensa til konsekvensar for leikeområde og skuleveg. Vi meiner at utgreiing av desse faktorane ikkje vil gje kommunen tilstrekkeleg kunnskap om dei planlagde tiltaka ivaretek omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår ivaretakast i planlegginga, jf. pbl. §§ 1-1 femte ledd og 3-1 bokstav e. Barn og unge er til stades og lever liva sine i heile kommunen, og endringar i arealbruk vil kunne påverke tilhøva for barn og unge ut over leikeområde og skuleveg. Barnevenlege sentrumsområde og bustadområde ser vi som særleg viktig, men til dømes er også ivaretaking av natur relevant, utan at naturområda må vere særskild brukte til leik. Vi oppmodar kommunen om å vurdere konsekvensar for barn og unge som undertema under alle utgreiingstema, for å fange opp alle perspektiva på konsekvensane for barn og unge.</p> <p>Vi rår elles til at arealdelen utformar føresegner som sikrar kvalitetar og storleikar på uteopphaldsareal som er særleg meint for barn og unge. Maks avstand frå bustad til leikeplass bør stadfestast, og ein bør legge inn krav om tilrettelegging for ulike brukargrupper. Vi minner også om at naturleg terreng bør ivaretakast i leikeområde.</p> <p><u>Naturmangfald</u></p> <p>For temaet Naturverdiar og biologisk mangfald i planprogrammet er det vist til Fylkesatlas (der kunnskapen er henta frå Naturbasen). Dette er positivt, men det står ikkje noko om kvaliteten på dei kartleggingane som er gjort tidlegare. Når det gjeld Vågsøy, blei det gjennomført naturtypekartlegging i kommunen i 2001, og ei supplerande kartlegging i 2012 for nokre lokalitetar. Ein god peikepinn om kvar kunnskapsgrunnlaget kan vere svakt eller dårleg finn ein i dei vurderingane og atterhalda som er gitt i rapporten etter det første kartleggingsarbeidet i 2001:</p> <p><i>Vi foreslår å prioritere framtidig kartleggingsarbeid på følgende måte:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Reinventering av områder der det foreligger sterke indikasjoner på verdifulle naturtyper. I alt 25 slike er listet opp i tabell 9 i kapittel 7.</i> 	
--	--	--	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

- *Grundigere kartlegging av kulturlandskap. Dette gjelder i første rekke naturbeitemarker, men også i noen grad lyngheier og slåtteeenger. Særlig forekomst av karplanter og beitemarkssopp er aktuelle å registrere.*
- *Grundig kartlegging av fuktige bergveggsmiljøer med kravfulle og dels rødlistede bregner, lav- og mosearter. Dette gjelder særlig nordvendte, åpne kystberg, men omfatter også i noen grad mer sørvendte berg og beskyttede bergvegger i skog.*
- *Generell kartlegging av biologisk interessante skogsmiljøer, antagelig med vekt på forekomst av rike skogtyper og skog med fuktighetskrevede, oseaniske lav og moser.*
- *Systematisk sjekk av alle olivinforekomster i kommunen, med inventering av karplantefloraen.*
- *Samtidig med disse prioriterte feltene, bør det foretas spredte sjekk av andre naturtyper, som havstrender, ferskvann/våtmark, myr, sørvendte berg og fjell, for å fange opp ytterligere verdifulle forekomster og eventuelle viktige kunnskapshull.*

Meir detaljert informasjon om oppfølgingsbehov når det gjeld ulike naturtyper er gitt i del 4 av rapporten etter 2001-kartlegginga (Gaarder, G. & Fjeldstad, H. 2001. Biologisk mangfold i Vågsøy kommune. *Miljøfaglig Utredning Rapport 2002-1*. 1-33).

Den supplerande kartlegginga som blei gjennomført i 2012 fanga opp ein del av dette, men ikkje alt. Det er viktig at ein er klar over dette og tar omsyn til det i dei vurderingane som blir gjort. Etter vårt syn går det ikkje tilstrekkeleg fram av plandokumenta at ein må ta betydelege atterhald når det gjeld kunnskapsgrunnlaget ved vurdering av verknader på naturmangfaldet i kommunen.

Vi ser at ein strategi om artsmangfald frå samfunnsdelen ikkje er vidareført i kap. 4 i planprogrammet. Vi stiller spørsmål ved kvifor punktet er teke ut, men legg til grunn at føremålet med strategien vert fanga opp vidare i arealdelen.

Friluftsliv

Friluftsliv og rekreasjon er oppgitt som eit utgreiingstema i planprogrammet. Innhaldet i utgreiingane er å avdekke om det er slike interesser i det aktuelle utbyggingsområdet. Vi saknar at det også vert greidd ut om området kan ha ein verdi som framtidig friluftsområde.

Vedlegg 1: Innkome merknader ved offentleg høyring

		<p><u>Landbruk</u></p> <p>Kinn er ein liten kommune i landbrukssamanheng, og vi går ut frå at dette er grunnen til at kommunen ikkje har strategiar for landbruket. Likevel meiner vi at kommunen bør utforme kriteria for utbygging i landbruksområde. I LNF spreidd-område er det viktig med tydelege føresegner som hindrar at eventuell utbygging kjem i konflikt med landbruksinteresser. Det er også viktig at mellom anna føringar om gode bumiljø og ei samordna bustad-, areal og transportplanlegging vert sett som premiss for utbygging, saman med andre relevante plantema.</p> <p><u>Strandsone</u></p> <p>Vi ser at strandsone ikkje er sett opp som eige utgreiingstema i planprogrammet. Kommunen legg såleis ikkje opp til å synleggjere negative verknader for strandsona i konsekvensutgreiinga. Ut frå pbl. § 1-8 og SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen har strandsona ein eigenverdi som ein alltid skal ta omsyn til på same måte som andre interesser gjennom den kommunale planlegginga. Ved nedbygging eller privatisering vil strandsoneverdiar verte negativt påverka, sjølv dersom det ikkje er særlege naturverdiar eller friluftslivverdiar i området. Vi ser det derfor som svært viktig at strandsona vert greidd ut som eige tema, og at framlegg om å opne for nedbygging gjev negative utslag i konsekvensutgreiinga.</p> <p>I kap. 4 i planprogrammet kjem det fram at kommunen vil «skjerme inngrepsfri strandsona». Vi stiller spørsmål om kva område dette gjeld, og ser at det burde ha vore sett kriteria for nye byggjeområde i strandsona gjennom planprogrammet. Som vi gav innspel om til samfunnsdelen, meiner vi at kommunen også bør sette seg mål om å ta særleg omsyn til strandsoneverdiane i både spreidd bygde og tettbygde strøk, der strandsoneverdiane både er viktige for folk i området og er under eit særleg utbyggingspress.</p> <p>Den nemnde strategien har underpunkt om bumiljø, turisme, fritidsbustader med båtplassar og sjøretta næringsareal, men vi saknar konkrete føringar på korleis slik utbygging skal vektast mot ivaretaking av dei allmenne verdiane i strandsona. Vi rår generelt til at nye byggjeområde bør avgrensast i tal og omfang og bli planlagt ut frå eit</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>reelt behov for nye byggjeområde nær sjøen.</p> <p><u>Planlegging i sjø</u> I følge planprogrammet skal kommunen planlegge for sjøretta næringsareal og tidleg identifisere næringslivet sitt arealbehov. Innanfor akvakulturnæringa meiner vi at det er særleg viktig å sikre nok areal til næringa gjennom arealdelen til kommuneplanen, og dermed unngå behov for dispensasjonar seinare.</p> <p>Vi føreset likevel at det vert sett som premiss for nye akvakulturområde at naturmangfaldet ikkje vert skada. Dette må sannsynleggjerast for konkrete område i konsekvensutgreiinga, eller ev. følgjast opp med plankrav med detaljert konsekvensutgreiing og moglege undersøkingar i seinare detaljplanlegging. Det er generelt stor mangel på kunnskap om naturmangfald i sjø, også i Kinn kommune. Vurderingane som vert gjort må byggje på kjend kunnskap om til dømes sannsynlege vekseplassar for korallar eller tilstanden for villfisk i regionen. Nye akvakulturområde bør derfor plasserast der ein ikkje forventar å finne viktig naturmangfald. Arealdelen bør også ha føresegner som hindrar at nye akvakulturområde ikkje gjer skade på naturmangfaldet.</p> <p><u>Ureining</u> Både støy og luftureining er sett opp som eigne utgreiingstema, og kommunen legg såleis til rette for å kunne følgje opp strategien i planprogrammet om tydelege og strenge miljøkrav der det er nødvendig. Samtidig kan vi ikkje sjå at grunnureining på land og i sjø vert ivareteke, og vi oppmodar om at dette også vert fanga opp i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Vi rår til å vurdere moglege alternativ til dagens arealbruk i særleg konfliktfylte område i kommunen, der ein aktivt prioriterer mellom industriområde og bustadområde. Vi rår også til å utforme føresegner som sikrar tilstrekkeleg mot ureining ved ny utbygging og legg føringar om naudsynte avbøtande tiltak.</p>	